



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for eldre
Møtestad	Fylkeshuset
Møtedato	04.06.2014
Kl.	10.30-13.30

Faste medlemer til stades: Eivind Skjerven, Rønnaug Holmøy, Harald Ekroll, Kristoffer Skjolden og Anita Nybø

Forfall til møtet: Ingen

Varamedlemer til stades: Ingen

Til stades med møte- og talerett: Bjørn Birger Bremer

Sekretariat for møtet: Arvid Stenehjelm

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tok stilling til at alle sakene skulle handsamast i ope møte.

Møtebok frå 12. mars 2014 vart godkjend utan merknader.

I første del av møtet deltok assisterande rådmann Bjørn Birger Bremer.

Bjørn Birger Bremer orienterte rådet om status i høve den fylkeskommunale økonomien og om regjeringa sitt forslag om nytt inntekt system for fylkeskommunane. Utslaget av denne varsla politikken kan i verste fall føre til ei betydeleg inntekt reduksjon for vår fylkeskommune. Konsekvensane av dette må bli ei sterk reduksjon/nedtrapping av den fylkeskommunale aktiviteten.

Bjørn Birger Bremer orienterte vidare om korleis sekretærstøtta for arbeidet i fylkesrådet skal takast i vare. Støttefunksjonen vert ein del av oppgåveporteføljen til ein nyleg utlyst stilling. Vidare vil organisasjonen sine sektorar ansvarleg for å fremje relevante saker for rådet.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Meldesaksak 1

Studieturen til Island 5. -8. mai 2014

- ✓ Økonomisk oversyn over utlegg sett i høve til oppsett aktivitetsplan for fri midlar
- ✓ Førebels referat frå fagturen
- ✓ Referat frå fellesmøtet med fylkesråda i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane
- ✓ Notat frå drøftingsmøtet den 7. mai 2014

Konklusjon/vedtak: Referat frå den faglege delen av studieturen skal leggst fram for rådet i neste møte. Leiar i rådet slutfører denne rapporten. Referat frå fellesmøte inngår i rapporten.

Meldesaksak 2

- ✓ Referat frå Landskonferansen 2014 i Drammen 20. -22. mai.
- Det blir av arrangøren laga eit referat som blir sendt deltakane fylke. Elles vil leiaren gje informasjon frå ein vellukka /informativ konferanse.

Konklusjon/vedtak: Meldesaka vert teken til vitande.

Meldesaksak 3

- ✓ Morgendagens aktivitetssenter.
- Det var klargjort at Tone Bye i Pensjonistforbundet var invitert til møtet for at vårt fylke kunne bli dragne aktivt inn i dette prosjektet. Diverre har det kome til andre oppdrag som ho måtte prioritere.

Konklusjon/vedtak: Meldesaka vert teken til vitande. Rådet vutrderer å utforme eit innspel til dette prosjektet.

Meldesaksak 4

- ✓ Kampanje for fysisk aktivitet - lokale tiltak.
- Stikkord for kampanjen "dine 30"
- Nordisk folkehelsekonferanse i27. -28. august i Trondheim
 - Dette er ein kampanje som fylkesrådet for eldre bør følgje opp.
 - Deltaking på konferansen må vurderast ut frå kva midlar rådet har igjen frå budsjettet 2014.

Konklusjon/vedtak: Meldesaka vert teken til vitande. Ingen frå rådet deltek i denne konferansen.

Meldesaksak 5

Sekretærordninga til fylkesrådet for eldre. Status er at stillinga no er utlyst.

Konklusjon/vedtak: Meldesaka vert teken til vitande. Viser også til orienteringa i møtet frå assisterande fylkesrådmann.

Meldesaksak 6

- ✓ Budsjett 2015.
- Jamfør framlegg frå Harald Ekroll som er sendt ut tidlegare.
- Det er ynskjeleg at sekretæren ser dette i høve til den økonomiske stoda fylket har/får. Det at fylket må kutte i dei mest krevjande og større utvala bør tilseie at den mest aukande gruppa (eldre) får auke i midlar som kan skape trivseltiltak for dei eldre i fylket.

Konklusjon/vedtak: Rådet ønskjer å halde opp sin aktivitet slik som i dei siste åra. Det betyr at ein bør justere budsjettet i samsvar med faktisk aktivitet. Etter saldering viser faktiske kostnader å ligge på om lag kr. 360 000,- årleg. Vedlagt rådet sitt budsjettframlegg.

Meldesaksak 7

- ✓ Ymse: Rådet ønskjer å presentere seg og sitt virke for fylkestinget under tingsete den 11. juni 2014

Konklusjon/vedtak: Det skapte harme i møtet då det kom uklår melding om rådet ikkje fekk tale til fylkestinget under tingsete den 11. juni. I ettertid vart det likevel klarlagt at rådet sin leiar fekk 5 minuttar taletid under handsaminga av årsmelding 2013.

SAK 3/14 Skriv og meldingar til møtet den 4. juni 2014

VEDTAK:

- 1) Fylkesrådet for eldre tek skriv og orienteringar til vitande.
- 2) Fylkesrådet for eldre sine tilrådingar og kommenterer til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.
- 3) Fylkesrådet for eldre sine meldesaken vert protokollførte.

SAK 4/14 Innspel til Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 Fylkesrådet for eldre

Frå sekretæren låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1) Fylkesrådet for eldre er særleg oppteken av god standard og tilgjenge for alle og ønskjer å oppretthalde desse krava i både drift og investeringar.
- 2) Fylkesrådet for eldre ønskjer å prioritere følgjande:
 - At alle fylkeskommunale bygg og anlegg må universelt utformast. Det som måtte vere av etterslep på dette området, må prioriterast og løyvast midlar til.
 - At det innanfor samferdsle må det byggjast gang og sykkelveggar, buss-stogg må utbetrast (kanskje enkelte plassar flyttast) og universelt utformast.
 - At det vert sett av større løyving til serviceskyssen.
 - At fylkeskommunen prioriterer transporttenester for funksjonshemma, følgjekort.
 - At det i samband med tildeling av transportløyve/konsesjonar må ein setje krav om info i bussar også for høyrslhemma og svaksynte.
 - At det må stimulerast til å nytte dei eldre som ein resurs i frivillig arbeid. Det må setjast av midlar som kan nyttast til å dekke faktiske utgifter som dei eldre måtte ha i samband med frivillig arbeid.
 - At ordninga med honnørbiletter må oppretthaldast.
 - At det innanfor kultur m.v. må prioriterast folkehelseiltak.
 - At ein gjennom fylkesplanlegging stimulere kommunane til å kome med planar om nærmiljøanlegg, turstiar m.v.

Endringsframlegg:

* Nytt punkt 3 skal lyde: Fylkesrådet for eldre legg fram sitt eige budsjettframlegg for rådet sin planlagde aktivitet i 2015. Budsjettet for 2015 har ei ramme på kr. 415 650,- som inkluderer løn til sekretærstøtte i 1/3 stilling.

Avrøysting:

Samrøystes

VEDTAK:

- 1) Fylkesrådet for eldre er særleg oppteken av god standard og tilgjenge for alle og ønskjer å oppretthalde desse krava i både drift og investeringar.
- 2) Fylkesrådet for eldre ønskjer å prioritere følgjande:

- At alle fylkeskommunale bygg og anlegg må universelt utformast. Det som måtte vere av etterslep på dette området, må prioriterast og løyvast midlar til.
- At det innanfor samferdsle må det byggjast gang og sykkelveggar, buss-stogg må utbetrast (kanskje enkelte plassar flyttast) og universelt utformast.
- At det vert sett av større løyving til serviceskyssen.
- At fylkeskommunen prioriterer transporttenester for funksjonshemma, følgjekort.
- At det i samband med tildeling av transportløyve/konsesjonar må ein setje krav om info i bussar også for høyrslhemma og svaksynte.
- At det må stimulerast til å nytte dei eldre som ein resurs i frivillig arbeid. Det må setjast av midlar som kan nyttast til å dekke faktiske utgifter som dei eldre måtte ha i samband med frivillig arbeid.
- At ordninga med honnørbilettar må oppretthaldast.
- At det innanfor kultur m.v. må prioriterast folkehelseiltak.
- At ein gjennom fylkesplanlegging stimulere kommunane til å kome med planar om nærmiljøanlegg, turstiar m.v.

3) Fylkesrådet for eldre legg fram sitt eige budsjettframlegg for rådet sin planlagde aktivitet i 2015. Budsjettet for 2015 har ei ramme på kr. 415 650,- som inkluderer løn til sekretærstøtte i 1/3 stilling.
